



Vedtaksdato  
28. januar 2020

Vår referanse  
2019/26543

Sakshandsamar  
Anders R. Holm

## **VEDTAK NR. 13/20 I TVISTELØYSINGSNEMNDA**

**Tvisteløysingsnemnda heldt møte torsdag 23. januar 2020.**

Ved behandling av saka var Tvisteløysingsnemnda satt saman slik:

### **Faste medlemmer**

Anne Marie Due, leder  
Vetle Wetlesen Rasmussen, YS  
Silje Stadheim Almestrand, NHO

### **Saka gjeld**

Tvist om førerett for deltidstilsette etter arbeidsmiljølova § 14-3

### **Arbeidstakar**

A

### **Arbeidsgivar**

B

## **Det vart treffe slikt vedtak:**

### **Saksframstilling**

A byrja som assistent i stilling på 18,43 prosent i C den 18. august 2019. Før det var ho tilsett som ringevikar.

Den 6. juni 2019 vart det utlyst internt ei 80 prosent fast stilling innan reinhald i kommunen med søknadsfrist satt til 20. juni 2019. Grunna sjukefråvær vart tilsettingsprosessen utsett til august/september same år.

I tilsettingsmøte den 12. september 2019 vart stillinga tildelt ein annan intern søkar, og A vart underretta om avslaget i brev datert 13. september 2019. Avslaget vart grunngjeve med at ho ikkje nådde opp.

Saka ble brakt inn for Tvisteløysingsnemnda ved brev datert 25. september. Overfor nemnda har begge partar fått høve til å komme med utfyllande merknadar i saken.

Nemnda har mottatt følgjande dokument frå arbeidstakar:

- brev datert 25. september 2019
- e-post av 1. oktober 2019

Nemnda har mottatt følgjande dokument frå arbeidsgivar:

- brev datert 11. oktober 2019

### **Utsegn frå arbeidstakar**

A gjer gjeldande at ho har førerrett til den utlyste stillinga.

### **Utsegn frå arbeidsgivar**

B gjer gjeldande at dei fekk 4 søknader der alle søkjarane var tilsett i kommunen. Kandidaten som vart vald hadde mest erfaring og hadde same arbeidsoppgåver i si stilling som den omtvista stillinga. A har ikkje dokumentert erfaring innan fagområdet og har heller ikkje de same arbeidsoppgåvene i si noverande stilling.

### **Tvisteløysingsnemndas merknader**

Tvist mellom arbeidsgivar og arbeidstakar om førerrett for deltidstilsette kan bringast inn for Tvisteløysingsnemnda, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (1) og § 14-3 (4). Etter forskrift om tvisteløysingsnemnd etter arbeidsmiljølova § 2 vert nemnda setta med leiar og to faste medlemmar.

Arbeidsmiljøloven § 14-3 (1) fastset at deltidstilsette har førerrett til utvida stilling framfor at arbeidsgivar gjer ei ny tilsetting i verksemda. Førerretten er avhengig av at arbeidstakar er kvalifisert for stillinga og at utøving av førerretten ikkje vil medføre vesentlege ulemper for

verksemda, jf. § 14-3 (2). Ved vurderinga av om arbeidstakar er kvalifisert kan det etter forarbeida tas omsyn til både faglege og personlege føresetnader.

Det presiserast i forarbeida til bestemmelsen (Innst. O. nr. 100 for 2004-2005 pkt. 17.2) at førerett etter § 14-3 gjeld stillingar med om lag dei same arbeidsoppgåver som den deltidstilsette allereie utførar. Dette er også lagt til grunn i nemndas praksis.

Nemnda har kome til at stillingane ikkje har omlag same arbeidsoppgåver. A er fast deltidstilsett som assistent ved C, og har søkt på ei fast stilling innan reinhald ved teknisk eining. Nemnda finn at A si stilling er så ulik den omtvista stillinga, at det ikkje kan reknast som ei utviding av hennar deltidsstilling.

Som følgje av at nemnda ikkje finn at stillingane inneheld om lag dei same arbeidsoppgåvene, er det ikkje naudsynt for nemnda å ta stilling til dei andre vilkåra for førerett.

### **Konklusjon**

Arbeidstakar gis ikkje medhald.

Tvisteløysningsnemnda

Anne Marie Due  
Leiar

28. januar 2020

### **Til orientering:**

Tvistar som nemnd i §§ 10-13, 12-14, 14-3 og 14-4a kan bringast inn for domstolane etter at Tvisteløysningsnemndas vedtak føreligg, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (2). Nemndas konklusjon står ved lag medan saka er til behandling hjå domstolane. Dersom dette vil virke urimeleg, kan retten etter krav frå ein av partane fastsetje ei anna mellombels ordning.

Frist for å bringe tvisten inn for domstolane er åtte veker rekna frå det tidspunkt parten vart underretta om Tvisteløysningsnemndas avgjerd, jf. arbeidsmiljøloven § 17-2 (3).

Reisast ikkje søksmål innan fristen, har vedtaket verknad som ein rettskraftig dom, og kan fullbyrdast etter reglane som gjeld for dommar, jf. arbeidsmiljøloven § 17-2 (4).